



BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVERDELING FOR
BYUTVIKLING
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 09.06.2016
Vår ref.: 2015/9320-5
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn til avgrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sambandet Sotra - Bergen - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 8. juni om begrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sotrasambandet i Bergen kommune.

Komit  for milj  og byutvikling i Bergen kommune har tilr dd   veda reguleringsplan med ei endring som inneber at kollektivfeltet som er godkjent av Vegdirektoratet vert innarbeidd som ein del av reguleringsplanen. Kollektivfeltet skal visast i plankart og bli innarbeidd i f resegnene til planen.

Endringa er i tr d med Hordaland fylkeskommune si fr segn og vedtak i Fylkesutvalet 3.12.2015 der vedtakspunkt 2 lyder:

«Det er avgj r ende viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert, og utforma p  ein m te som underbyggjer m let om nullvekst i personbiltransporten. Fylkesutvalet f reset ein offensiv kollektivpriorit ring, og legg til grunn at gjennomg  ande kollektivtras  vert prioritert p  strekninga Straume - Storavatnet fr  f rste dag. Fylkesutvalet tilr r at det vert utarbeidd f resegnere i planane som sikrar dette. I tillegg b r det vere kollektivfremj nde tiltak p  lokalvegen mellom Straume og Bild y».

Hordaland fylkeskommune har i si fr segn lagt vekt p  at kollektivfeltet m bli etablert p  eit tidleg stadium. Prioritering av kollektivtransporten b r innarbeidast i f resegnene i reguleringsplanane s  langt som fr aviksvedtaka til vegdirektoratet opnar for det. P  denne m ten vil ein sikre at kollektivl ysingane som er skissert i planforslaget st r klare og kan takast i bruk fr  f rste dag det nye sambandet opnar slik fylkesutvalet har vektlagt i sitt vedtak.

Statens Vegvesen har vars l motsegn dersom denne endringa vert gjennomf rt. Bakgrunnen er at dei meiner at regulering av kollektivfelt skal skje gjennom vegtraffikklova og at vegmyndighetene har fleksibilit t i forvaltinga av vegsystemet. Det er viktig at reguleringsplanen no vert vedteken for   sikre vidare framdrift i arbeidet med bompenges knad og prosjektering. Partane er einige om dei fysiske delane av prosjektet, usemj  handlar om korleis f resegnene er utforma. Dersom Statens Vegvesen no fremjar motsegn slik dei har vars l, vil Hordaland fylkeskommune r r til at Bergen kommune vedtek dei delane av planen det ikkje er knytt motsegn til. P  denne m ten kan prosessen knytt til bompenges knad halde fram samtidig som arbeidet med innl ysing av tomter kan starte opp.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune r r til at planen vert endra slik Bergen kommune foresl r. Endringa er i tr d med vedtak fatta i fylkesutvalet i Hordaland.

Eva Katrine Ritland Taule
konstituert plansjef

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest
Fjell kommune